

Nådegaver som velsigner



REGIONKONFERANSEN 2025

Del 2:

Årsmeldinger fra underliggende enheter

INNHALD

Del 1:

- s. 2 Program for Regionkonferansen og Barnekonferansen
- s. 3 Praktisk informasjon
- s. 4 Sakliste
- s. 5 Årsmelding for Misjonssambandet vest
- s. 10 Årsmelding frå barne- og ungdomsarbeidet
- s. 15 Rekneskapsrapport
- s. 17 Kandidatar til regionstyret
- s. 18 Kandidatar til barne- og ungdomsrådet
- s. Kandidatar til tilsynsråd
- s. 19 Kandidatar til valnemnd

Del 2:

- s. 2 Årsmeldingar frå leirplassar
- s. 5 Årsmeldingar frå områda
- s. 35 Årsmeldingar frå misjonsforsamlingane
- s. 48 Årsmeldingar frå skulane
- s. 55 Årsmeldingar frå andre institusjonar
- s. 59 Vedlegg
- s. 75 Arrangementsoversikt

Årsmeldingar frå LEIRPLASSANE

LYNGMO UNGDOMSSENTER

Mykje bra leiararbeid og anna arbeid for alle aldersgrupper vart utført på Lyngmo i 2024. Me trur at dette har stor betydning for den enkelte og det kristne arbeidet i området vårt. Arbeidet vart gjennomført i tett samarbeid mellom stab og frivillige. Dette er eit viktig samspel på Lyngmo.

Økonomisk var året på det jamne. Me er glade for at det nærmar seg at leirstaden er gjeldfri.

Den store utfordringa har vore å rekruttere bemanning. Dette har vist seg svært krevjande og fører til ein vanskeleg arbeidssituasjon og mange utfordringar i drifta. Trass i dette har mykje blitt gjennomført på ein god måte i året som gjekk, noko me er takksame for!

SKILBREI UNGDOMSSENTER

Aktivitet og økonomi

Aktiviteten på Skilbrei har ikkje dei store endringane frå tidlegare år. Vi har tre leirsesonar og har elles noko utleige til andre kristne organisasjonar, men og utleige til andre aktørar. Økonomisk vil vi gå mot eit underskot i 2024, noko som skuldast at vi har brukt mykje pengar på oppgradering. I løpet av 2024 gjennomførte vi ei større oppgradering av uteområdet med grunnarbeid og asfaltering av ein større del av vegen rundt styrarbustaden og senteret.

Personalsituasjonen

Mykje av arbeidet på Skilbrei blir gjort på dugnad. Vi hadde likevel ikkje klart oss utan Anne Margrete Olsen som har stilling som hjelpekokk på timebasis. I tillegg har vi leigd inn eit mindre firma til reinhald.

Leir

Leirarbeidet er svært viktig for Skilbrei Ungdomssenter. Leirane har også dette året vore bra besøkt, men litt mindre enn kva det er kapasitet til. Leirarbeidet er det viktigaste arbeidet vi driv og vi vil rette ein stor takk til leirnemnda som arbeider trufast med å skaffe leirleiarar til helgene våre. Det har vore utfordrande å få nok leiarar til leirane.

Framtid

Styret har tru på at Skilbrei i åra framover vil vere ein viktig reiskap i misjonsarbeidet i Fjordane. Særleg viktig er Skilbrei i høve arbeidet inn mot barn og unge. Vi ynskjer også å drifte huset til glede også for bygdefolket og folket i nærkommunane. Vi får mange gode tilbakemeldingar på at Skilbrei er ein god stad å være og det er vi takksame for. Vi ser at det har blitt utfordrande å klare å rekruttere nok personar til styre- og leirarbeidet. Styret ser med bekymring på dette.

Vi ber om at de alle er med i bøn for Skilbrei og arbeidet her.

Styret for Skilbrei Ungdomssenter: Asmund Friborg (leiar), Marthe Hauge Aase (nestleiar), Alf-Tore Kirkeli (sekretær), Daniel Aase (styremedlem), Marius Ramberg (styremedlem)

SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER

Under mottoet «Verden for Kristus» får me i Sætervika være med og legge til rette for at unge og eldre får møte evangeliet. Det er vår bøn at våre gjestar får møta Jesus og kallet til teneste i misjonen når dei er her. Me er sikker på at ordet som blir sådd, er spiredyktig og vil bære frukt i si tid.

ARRANGEMENT - Talet på personar/betalande kundar. Barn 0-3 år er ikkje med.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
NLM arr.	11	6	9	12	13	14
Deltakarar og leiarar NLM	524	187	407	520	672	687
Utleigearr.	36*	17*	27*	31*	39*	35*
Deltakarar utleige	1534	797	1179	1340	1708	1689
Privat overnatting		76	51	75	344	3438**

*Inkl. private arrangement

** Anleggsarbeidarar står for 3.300 overnattingar i 2024. Det var totalt 8.328 gjestedøgn i 2024, mot 5.075 i 2023.

ØKONOMI - Tal i heile tusen

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gåver/kollekt	103	126	326	328	583	288
Gåver prosjekt	51	43	55	116	500	0
Fast gjevarteneste	201	190	163	127	127	114
Lotteri og basar	222	93	73	98	84	87
Tilskot frå leirlotteri			58	82	80	78
Off. tilskot		819	403	220	67	53
Driftsinntekter	2.866	2.849	3.242	3.653	4.630	5.759
Resultat	-148	361	-46	-737	581	1.111
Langsiktig gjeld	2.310	2.124	2.123	2.126	2.145	1.372

VEDLIKEHALD OG BYGG

Etter mange år er endeleg ei ny Tarzanløype på plass, kjekt å kunne tilby ein trygg og utfordrande løype for born i alle aldrar. Møtesal og peisestove har fått ny drakt, og det er investert i varmpumper. Arbeid med renovering av vaskerom startar i byrjinga av 2025.

ARRANGEMENT

Sommarfest i Sætervika blei arrangert 16. juni med song og misjonsinnslag frå Kjell Strømme og andakt ved Håkon Vinnem. Sætervikabasaren blei halden i samanheng med Mannahelg ved fjorden 20. september. Der deltok Olav Rune Skutlaberg med andakt. Fullt hus, og det kom inn kr 87.445.

PERSONELL

I 2024 har bemanningssituasjonen vore følgande: Terje Hoseth Næss er dagleg leiar i 100 % stilling. Olena Trusova er no tilsett i 50 % fast stilling som medarbeidar på kjøkken og internat, ho arbeidde 70 % hausten 2024. Geir Helge Stein og Ivar Berland har begge hatt stilling som vaktmeister i 20 % stilling. Geir Helge blei takka av på sommarfesten, etter lang og trufast teneste. Olha Yehorushkina arbeidde i snitt 40 % frå april–desember, men flytta då til Oslo. I tillegg har vi hatt fleire med avtale som tilkallingshjelp, det blir nytta ekstern hjelp til vasking. Me har også fått dugnadshjelp.

AUKA SALSINTEKTER

Arbeidet med straumkabelen som skal gå frå Børdalen til Yggdrasil, har gitt oss moglegheit til å tilby arbeidarar i området overnatting og servering i heile 2024. Hovudsakeleg fire døgn per veke, frå søndag til torsdag. Dette har bidratt til ei kjærkommen auke av salsinntekter i 2024. Det er forventa at dette vil fortsetje i delar av 2025.

STYRET

Styret har hatt åtte møte og behandla 81 saker. I 2024 var styret samansett slik: Svein Aarra (leiar), Frode Odland (nestleiar), Kristoffer Mjelstad (frå barne- og ungdomsrådet), Geir Johnny Undal, Kristin Dåvøy, Ivar Berland (varamedlem) og Gunnar Øpstebø (varamedlem). Administrasjonen i Region Vest har vore representert på styremøta ved Kirsten Grøteig. Styret vil retta ein stor takk til tilsette, frivillige medarbeidarar og til alle som har støtta Sætervika med gåver og forbøn i 2024.

Styret

Årsmeldingar frå OMRÅDA

FJORDANE NLM

Organisering

Misjonssambandet Nordfjord arbeidsgruppe og Logoskyrkja i Førde (tidlegare Sunnfjord Misjonsforsamling) har forskjellige ansvar i området.

Lag og foreiningar

Ved utgongen av 2024 har ein same tal lag og kontaktpersonar som i 2023 bortsett frå at ein kontakt og to lag er lagde ned, mens to er oppretta. Det er fire UNG barnelag, fire UNG smågrupper, eitt Fellesskap, ei Forsamling og 12 Smågrupper. I tillegg er det 15 kontaktpersonar, til saman 37 lag og kontaktpersonar.

Møte – og forsamlingsverksemd

I 2024 har ein gjennomført (2023 i parentes) 78 (88) møte, derav 12 (11) to-dagars møte, 2 (1) halve møteveker og 0 (0) heile møteveker. I tillegg kjem fellesarrangement og arbeid retta mot barn og unge.

Vi vil her nemne at i 2023/2024 hadde ein konfirmantopplegg som Logoskyrkja i Førde driv saman med Bygstad Indremisjon og 11. mai vart 10 konfirmerte. Logoskyrkja i Førde har i lokala på Øyrane 12 hatt 21 søndags-/familiesamlingar i tillegg til møtehelg, sosialkveldar, påskemøte, jonsoksamling, adventssamling, kinokveld, nyttårsfest etc. Talet på møtedeltakarar har vakse i gjennomsnitt frå ca. 40 til ca. 60 etter flytting til nye og større lokale. Vi viser elles til eigen årsrapport frå forsamlinga.

Fellesarrangement

På Bibelhelga på Innvik misjonshotell 28.-29. september var deltakinga 39 mot 74 året før. På julemessa på Nordfjordeid 22.-23. november var mykje folk innom, men det økonomiske resultatet minka.

Barne- og ungdomsarbeidet

Vi har følgande statestikk dei to siste åra:

	2024	2023
Barneleiarar	207 deltakarar	205 deltakarar
Tabu	69 deltakarar	64 deltakarar
Tabu + (eksisterer ikkje lenger)		

19 ungdommar frå Fjordane var samla til Crossroad/ungdomsleir på Lyngmo. Fjordingar var også på Sommartreff på Sygna, Alive i Sogndal og UL i Stavanger. I tillegg kjem barnelagsbesøk og ungdomssamlingar.

Tilsette

Trond Kråvik har 100 % stilling som områdearbeidar i Sogn og Fjordane. Aud Marit Ramberg har 20 % fast stilling som barne- og ungdomsarbeidar. Ingrid Friborg Hoffmann er tilsett i 60 % som forsamlingsarbeidar i Logoskyrkja i Førde og 20 % i ungavdelinga for Fjordane (Skilbrei primært) sidan januar, men er no i foreldrepermisjon. Malvin Ommedal er områdearbeidar i Fjordane i 15 %. På Skilbrei arbeider Anne Margrethe Skjold Olsen på timebasis.

Utendingar

Dette året er berre Malvin Ommedal i Bolivia i 85 % stilling.

Styrearbeid

Arbeidsgruppa i Nordfjord var samansett av Obin Aabrekk (fram til 7. mai 2024), Elisabeth Nordpoll og Aud Jekteberg Nordpoll (medlemar). I staden for Obin kom ekteparet Hanna og

Pål Berntsen inn. Aud vart vald som ny leiar. Områdearbeidarane Trond Kråvik og Malvin Ommedal møter også. I styret for Logoskyrkja i Førde er Asmund Friborg styreleiar.

Informasjonsarbeid

Vi har ei side på Facebook: <https://www.facebook.com/nlmfjordane>, i tillegg har Region Vest gode heimesider. Logoskyrkja i Førde har eiga Facebookside og annonserer i tillegg møte på SMS til dei som ynskjer det. Kontaktpersonar og lag har fått tilsendt informasjonsskriv om møteverksemd i området og informasjon frå Skilbrei Ungdomssenter

Misjonsvener vi har fått melding om har fått heimlov i 2024

Signe Skinlo, Selma Kvame og Bjørg Aase. Vi lyser fred over minnet.

HARDANGER NLM

Område Hardanger består av foreiningane i Kvam og Jondal kommune. Området er laust organisert med underteikna som koordinator for aktiviteten. Det er foreiningar, lag og kontaktar i følgjande bygder: Norheimsund, Steinsdalen, Tørvikbygd og Jondal. Det er sju foreiningar og eitt barnekor i Hardanger.

I Hardanger har me hatt ni enkeltmøte, ei møtehelg og eit utsendingsmøte for familien Mongstad som reiste til Nairobi i sommar, der Øystein er rektor og Sølvi er lærar på den norske skulen.

Julemessa har vore den store satsinga i 20 år. Men komitéen blir eitt år eldre for kvart år, og det er vanskeleg å få med yngre krefter. I 2024 vart det ikkje julemesse, men me satsar på ein basar våren 2025.

Frå område Hardanger er kr. 476.156 overført til misjonen.

Jostein Moldsvor

NORDHORDLAND NLM

Visst kan me sanna apostelen sine ord om at «dagane er vonde» for tida! Ting endrar seg i rekordfart, og det er lett å missa fatninga. Men til oss seier Gudsordet: «Pass difor nøye på korleis de lever, ikkje som ukloke, men som kloke, så de kjøper den laglege tida... Ver ikkje uvitande, men skjønna kva det er at Herren vil» og bli «fylte av Anden» (Ef. 5:15-18). Må denne innstillinga få prega arbeidet vårt.

Årsmøtet var i Knarvik misjonshus 9. mars. Om lag 30 møtte. Regionleiar Olav Rune Skutlaberg helsa frå regionen. På misjonsmøtet kl. 1800 tala Bård Hauge, og krinsmannskontoret song. I tillegg deltok Kongshaug Musikkgymnas. Det nye styret fekk denne samansetjinga: Lars Gaute Jøssang (leiar), Leif Birger Sortland (nestleiar), Hanne Nordpoll Soltveit (skrivar), Synnøve Sellevold (annonsering), Else M. Dale (1. vara) og Dagfinn Skare (2. vara). Det har hatt seks møte og handsama 42 saker.

Enkeltmøta held stand, men nedgang i halve og heile møteverker. Forsamlingsarbeidet har vind i segla, særleg i tettstadene. Lags- og foreiningsarbeidet går om lag som før. Inntektene er relativt stabile. Julemessa blei òg ei fin oppleving.

OS NLM

Møteverksemda

Det har vore følgjande besøk av forkynnarar på bedehusa i Os:

Neset bedehus: 24. januar: Olav Rune Skutlaberg, 20. mars: Odd Eivind Stensland, 24. april: Malvin Ommedal, 11. september: Gro Bjørndal, 23. oktober: Kjersti Ruud, og 20. november: Odd Eivind Stensland.

Søfteland bedehus: 28. april: Osvald Hindenes og Kretsmannskoret, 2. juni: Osvald Hindenes, utsendingsmøte for Maria, Eirik og Serine Vivelid.

Betania bedehus: 8., 9. og 10. mars: Øyvind Samnøy, 28. mars: Kristian Gangstø, 5. mai: Odd Eivind Stensland, 6. oktober: Kristian Gangstø, 1., 2. og 3. november: Odd Eivind Stensland, 13. og 15. desember: Øyvind Samnøy.

Me er takksame til Herren for gode samvær om Guds ord.

Det har vore eit godt samarbeid med regionkontoret ved spørsmål om besøk og me er takksame for tildelinga som me fekk her i Os.

Misjonærer i Japan og Etiopia

Karoline, Aron Isaiah, Adina Sofia, Aleah og Marius **Bergersen** er inne i sitt niande år i Japan, og har si teneste inn mot barne- og ungdomsarbeidet. I samband med eit Norgesopphald i desember 2024–januar 2025, deltok heile familien på juletreffesten i Neset bedehus 28. desember. Marius fekk bera fram ei helsing og fortalde om arbeidet i Japan. Dei vaksne og barna treng om forbøn for liv og teneste.

Maria og Eirik **Vivelid** og dotter deira, Serine, vart vigsla til misjonærer i Misjonssalen i Oslo i mai. Den 2. juni var det utsendingsmøte i Søfteland bedehus. Familien reiste til Etiopia i august. Husk familien Vivelid i bønn.

Foreiningane samlast regelmessig til møte gjennom året og er «grunnfjellet» i misjons-

arbeidet. Kongstanken mannsforeining og Kongshaugspiren kvinneforeining er aktive. Osøren kvinneforeining har hatt ein pause i året som ligg bak. Takk for trufast teneste.

«For Herren er overlag full av medkjensle og miskunn», Jakob 5,11b

For Os NLM, Oddvar Torget

SOGN NLM

Tenn meg, Jesus, la meg være hver en dag et lys for deg.

Alltid leve deg til ære. Led du meg på all min veg.

Gjør meg villig, varm og våken, kjære Jesus, led meg frem.

Gjør meg til et lys i tåken, som kan lede andre hjem. (Petra Flagstad Larsen)

Ynskjer at strofene i denne songen kan vera ei bøn i liva våre også no inn i dette nye året. Inspirasjonssamlinga på Sygna 14. januar. Tema: «Tru i heimen.» Margareth Engås var flink til å engasjere borna på familiemøte. Ei god og inspirerende samling og godt oppmøte.

Møteveke i Gaupne med Sverre Hovda i mars. Møta med Øyvind Samnøy, Preben Solvang og Lars P. Ødegård gjekk etter planen. Kvinnestemne var helga 20.-22. september, med Eli Fuglestad og Elisabeth Lillebø Sæth frå Norea som talarar.

Vi fekk ikkje tildelt talarar til haustsemesteret, men Fortun fekk besøk av Jon H. Gundersen ei veke. Møtevekene i Gaupne vart gjennomført med at Gro Bjørndal og Olav Rune Skutlaberg hadde to møte og Asbjørn Handeland hadde siste veka.

Det er 11 misjonsforeiningar og fem kontaktar for Misjonssambandet i området vårt. Når det elles gjeld arbeidet mellom born og unge, har vi yngreslag på Nes og barnelag på Indre Hafslø. I Balestrand har vi barnelaga «Addis» og «Spiren».

Misjonssambandet starta opp gjenbruksbutikk i Balestrand 2. mai. Grunngevinga er todelt, for å skaffe pengar til misjonen og for å skape kontakt med bygdefolk og andre.

Siste året var foreiningsinntektene på kr 556.392. Samla inntekter i Sogn var kr 1.206.120,- Det er ein auke på 9,2 % frå i fjor. Samla gåver totalt sendt til misjonen frå Sogn i 2024 er kr 1.062.541,-

Årsmøtet 2024 vart halde på Lyngmo 9. mars. Sverre Hovda var talar. Etter opprop var det 39 utsendingar frå lag og foreiningar. Årsmelding og rekneskap vart godkjend utan merknader. Dei som vart valde inn i styret for 2 år var: Maria Brennsæter, attval, Erik Skjerdal, ny.

Rapport frå områdearbeidar Trond Kråvik:

Eg opplever at vi i hovudsak har tre stader att i Sogn der vi har regelmessig møteverksemd. Dette er Fortun/Luster, Gaupne bedehus med Luster Familiemøte og Balestrand bedehus saman med Sygna. I tillegg har det vore nokre enkeltmøte andre stader. I tillegg prøver eg å vera med på ulike styremøte/årsmøte der arbeidet vert drøfta. Eg trur det er viktig at vi har to hovudsamlingar for misjonen i Sogn i løpet av året, inspirasjonssamlinga i januar og årsmøtet i mars. Då får vi eit møte både med Lyngmo og Sygna kvart år med det kallet og ansvaret vi har for desse plassane.

Styret har i meldingsåret vore samla til tre fysiske styremøte på Lyngmo og har handsama 35 bokførde saker. Styret har sett opp reiserutene i samsvar med oppsett frå regionkontoret.

Styret har vore samansett slik: Marit Sofie Hurthi (leiar), Erik Skjerdal (nestleiar), Åshild Sagevik, Maria Samnøy Brennsæter og Andreas Samnøy.

For styret, Marit Sofie Hurthi

Årsmeldingar frå MISJONSFORAMLINGANE

ASKØY MISJONSFORAMLING

Vi hadde en god virksomhet i 2024 med formidling av Guds Ord, misjon, diakoni og givertjeneste.

Dette året markerer en stor endring i arbeidet vårt på Askøy. Tidligere har vi hatt to enheter: Askøy NLM og Askøy Misjonsforsamling. Etter årsmøtene i 2024 ble disse to foreningene slått sammen til Askøy Misjonsforsamling. Det betyr at Misjonsforsamlingen har fått et større ansvar for hele Askøy.

Søndagsgudstjenester og bønnemøter

Vi har hatt gudstjeneste hver søndag gjennom hele året og høytidsgudstjeneste 1. juledag og 1. nyttårsdag. Foran de faste søndagsgudstjenestene har vi hatt bønnemøte kl. 1030, og hele året har vi også hatt torsdagsbønnemøter kl. 1900.

Lag, foreninger og kontakter

Kleppe bedehus er et tjenlig og godt bygg. Utleie, husleie fra misjonsforsamlingen og gjenbruksbutikken gir sammen med bedehusbasarer og julemarked, nødvendige inntekter for å betjene lån og kommunale utgifter.

Gjenbruken Askøy får fortsatt mye positiv tilbakemelding fra kunder, og stadig flere oppdager butikken, ikke minst pga. de flotte bildene som ukentlig legges ut på Facebook. Gjenbruksbutikken bidrar til økt kontaktflate for Misjonssambandet og Kleppe bedehus både på Askøy og i omegnskommunene. 40 frivillige medarbeiderne gjør en flott innsats!

Preg barnehage

Misjonssambandet driver Preg barnehage på Steinrusten, det gir gode muligheter både i forhold til barna, foreldrene og de ansatte.

Møteaktivitet på bedehusene

Våren 2024 var det to møter på Follese bedehus og to møter på Breivik bedehus. Om høsten arrangerte vi et møte i Hetlevik bedehus.

Andre arrangementer

Formiddagstreff ble arrangert tre ganger i vårsemesteret og to ganger på høsten. Det har vært gode og innholdsrike treff med forskjellige foredragsholdere som alle har hatt interessante innlegg. Deltakertallet er ganske stabilt, mellom 25-30 personer.

Bedehusbasarene i mars og september samlet hver 80-100 mennesker med et resultat på kr 165.145 til Kleppe bedehus

Felleskristen møtehelg ble høsten 2024 arrangert på Kleppe Bedehus lørdag 19. og søndag 20. oktober. Dette er et samarbeid mellom ulike kirker og forsamlinger på Askøy.

Misjonsmessen ble holdt på Kleppe bedehus lørdag 9. november for stappfullt hus med møter, varesalg, ulike lotterier og kafeteria. Brutto resultat ble kr. 200.474.

Forsamlingen har også overtatt ansvaret for Misjonssambandets St. Hans feiring i Kollevåg. Dette arrangementet var også i år vellykket med stor deltagelse.

Økonomi

Midler fra Askøy Misjonsforsamling overført til Misjonssambandet sentralt: Kr 957.115 (2023: Kr 846 637 for Askøy NLM og Askøy Misjonsforsamling totalt)

Styret for Askøy Misjonsforsamling har hatt denne sammensetningen: Leder Erik Waaler, nestleder Ingunn Nøttveit, sekretær Torbjørn Ek, styremedlem Arve Gustavsen, styremedlem Marit Belt.

Takk til alle som er med i arbeidet på ulike måter og tjener med den nåde som er oss gitt i Kristus!

Erik Waaler, styreleder

HEIMLY MISJONSHUS

«Og Han sa til dem: «Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt». Markus 16,15

Arbeidet

Vårsemesteret startet med avlysning av bibeltimen i januar grunnet sykdom, så vi bikket februar før første storsamling ble gjennomført. Denne ble fulgt av bibeltime og nattverdmøte før vi i mars forsøkte oss på en ny vri for årsmøtet og tok dette direkte i etterkant av årets andre storsamling. Etter nok en storsamling og et par dugnader, tok vi sommerferie.

Høstsemesteret startet med storsamling, og deretter var det tid for basar på Heimly. Våre erfarne damer i basarkomiteén bidro til at mange gevinster kom inn, og et godt oppmøte gav et godt bidrag til arbeidet på Heimly. Vi har i løpet av året hatt besøk av flest talere fra Nordhordland Indremisjon, men også noen fra NLM. Kvinner i bønn har jevnlig samlet seg trofast på Heimly. «Spise sammen» som Salhus menighet har på Heimly en torsdag i måneden, har vært gjennomført jevnlig gjennom året, og Heimly fortsetter å leie ut lokalene våre rimelig til dette. «Sentrum» hadde også dette året «vi synger julen inn» i desember, stor suksess.

Selv om vi har plass til flere, så er vi heldige som har engasjerte ledere på Heimly som år etter år stiller opp på faste aktiviteter for flere forskjellige aldersgrupper, blant annet «Sentrum» og formiddagstreffet. Dette er sammen med barnehagen en stor del av virksomheten vår, og den som gjerne er blant den mest utadrettede delen av arbeidet. Gjennom 2024 har det ikke vært Sprell Levende, men HUB startet opp igjen klubben i år. Ellers har vi jevnlig utleie til familieselskaper og minnestund, i tillegg til organisasjoner og menigheter som ønsker å leie større lokaler til konkrete arrangement. Det ble leid ut til to konfirmasjoner i mai.

Vi har fortsatt god nytte av at noen har et ansvar for jevnlig renhold på huset, og er glade for å ha med oss Ingeborg Børnheim og Hanna Åsen til denne oppgaven. De er unge og trenger fortsatt litt oppfølging innimellom, men bidrar godt til å avlaste andre som er aktive på Heimly. Barnehagen har fortsatt bidratt med noen faste oppgaver som en liten runde rundt huset daglig i ukedagene og utsetting av avfallsbeholderne våre. Og ikke minst har vi fortsatt noen som trofast bidrar med et større antall uker med tilsyn på Heimly.

Årsmøtet ble holdt søndag 17. mars. Knut André Dahle startet med et ord for kvelden fra Joh. 1,13. I tillegg til samtale omkring bedehuset og barnehagens virksomhet og økonomi, ble behovet for noen konkrete større vedlikeholdsoppgaver det tatt opp. Det ble besluttet å skifte ut 10 vinduer i barnehagen, og styret skulle hente inn anbud for utskifting av vinduer i storsalen. Det ble også ansett at det var behov for å vaske og male bygget utvendig i nær fremtid. (Vinduene er nå byttet, med merkbart bedre innetemperatur.)

Forsamlingen hadde ved utgangen av året 21 voksne og 11 barn som medlemmer. Eneste endring er at ett medlemskap har gått fra barn til voksen. Ikke alle hadde betalt medlemskapet, men ingen utmeldinger er mottatt.

Styret vil rette en stor takk til alle som er med i tjenesten i Heimly forsamling! Hver og en er en viktig del av misjonsarbeidet i Mjølkeråen. Vi er også veldig takknemlige for barnehagen vår. Vi ber om fremgang i arbeidet og styrke i fellesskapet vi har på Heimly, og om at vi også er flinke å dele gleder og oppmuntringer med hverandre.

Arnt Helge Espelund, Marie Dahle, Linda-Karin Hussey Folkestad

KNARVIK MISJONSHUS

Det har vore **gudsteneste** nesten kvar søndag med unntak av sommaren. Frammøtet er stort sett i området 50-100 personar og av og til meir. **Søndagsskulen** under gudstenestene har hatt fram møte på 20-30 born. For å handtere det store aldersspennet, er den no delt i tre grupper, og den gamle barnehagen er teken i bruk til to av gruppene. Det har vore utfordrande å få nok leiarar. **Onsdagskveld** er det samtale- og bønnesamling, og av og til møte med forkynnarar. **Føremiddagstreff** med seniorar som målgruppe er arrangert om lag kvar månad på tysdagar. Det er ulike **smågrupper** som bibelgrupper og foreiningar som er knytt både til Misjonshuset og IMF eller NLM. Nytt av året er tiltaket «**Bibel og gaming**» på fredagskveldane for dei eldste borna.

Eit aktivt år

Vi fekk i 2024 på plass strategidokument, og for første gong fekk forsamlinga tilsette medarbeidarar. Fast gjevarteneste er etablert, og gåveinntektene er meir enn dobla på to år. Vi har etablert digitalt medlemsregister og vi har fått nye system for arkivering og samhandling.

Medlemstal pr 31.12.24 er 95 vaksne medlemmar. Huset er ofte er for lite til å romme alle som kjem til gudsteneste og søndagsskule. Ein komité er sett ned med representantar for dei tre tomteegarane for å vurdere om det er mogleg å bygge nytt.

Vegard Hetlebakke vart i 2023 tilsett i toårig prosjektstilling 40 % som menighetsutvikler. Han starta arbeidet 01.01.2024. Cecilie Skår Holmgren vart før sommaren tilsett i toårig prosjektstilling 20 % som barne- og ungdomsarbeidar med oppstart 01.09.2024.

Drift av huset

Huset er pussa opp innvendig og malt utvendig, på dugnad. Prosjekta i 2024 var å male veggane i storsalen og skaffe nye gardiner. Vi har fått på plass scene med lyssetting. Sparebanken Vest løyvde kr. 200.000 til dette. Nytt av året at Senioruniversitetet i Nordhordland har valt huset som fast stad for sine arrangement.

Økonomi

Årsrekneskapen for 2024 viser eit resultat på kr 117.777,71. Det vart gitt kr 591.555 i fast gjevarteneste og kollektar. I tillegg til å dekke personalkostnader og drift, er totalt 241.895 vidadesendt, det aller meste til Nordhordland Indremisjon og Misjonssambandet. Laget har stabil økonomi.

Styret hadde følgjande samansetting: Svenning Bjørke (leiar), Joakim Byrknes (nestleiar), Karoline Brandsæter (sekretær), Ingunn Nesheim, Åshild Lande, Marianne Romarheim (1.vara), Alice Byrknes (2.vara).

Takk

Styret takkar medlemane for samarbeidet og for innsatsen i 2024. Knarvik Misjonshus er eit stort dugnadsfellesskap der vi deler våre ulike gaver med kvarandre. Vi vil gjerne bety noko for både kvarandre, for lokalsamfunnet og globalt. Då er det godt å få tru og erfare at vi er del av noko som er større enn oss sjølve. «For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei.» Ef.2.10

LOGOSKIRKEN

Medlemmer

Startet året med 136 medlemmer, avsluttet med 158.
12 barn født, 5 barn døpt. Leif Vikøren døde.

Årsmøte

Nytt styre valgt: Arne Meier (formann), Joakim Fiskå (nestformann), Anny Rødstøl, Edgeir Gunvordal, Anne Marit Roppestad (sekretær). Vara: Trygve Hansen, Marit Aandal. Kjøpt 25 aksjer i Fjell-ly misjons- og konferansesenter AS. Månedlige nyhetsbrev fra april 2024. Blitt tatt godt imot.

Ansatte

Arve Walde, pastor (100 % fra august). Tora Haarr Skeie, forsamlingsarbeider (20 %)

Aktiviteter

Gudstjenester hver søndag, med barnekirke. Deltakere i snitt er 103. To barnekirkegrupper. Smågrupper møtes jevnlig, det er i dag ca. 10 grupper. Pastor lager smågruppeopplegg basert på talene som også blir lagt ut digitalt.

Seminarer, barnas dag 1. mai, 17. mai-frokost, lovsangskvelder, weekend i Sætervika, regionkonferanse, Fjelly-dag, Hjertefokus-seminar, bibel og middag, felles gudstjeneste, julemesse, julegudstjeneste, juleselskap, bibeltimer og bibelhelg.

Gaver

I 2024 gav Logoskirken kr 60.000 til NLM, 60.000 til Imf, 10.000 til Ung:Global (barnas misjonsprosjekt) og 30.000 til Awana.

LUSTER FAMILIEMØTE

Me har arrangert 20 ordinære familiemøte dette året og ein sommaravslutning. Familiemøta har vore arrangert søndagar kl. 11 eller kl. 16. Me hadde 11 ordinære møte i vårsemesteret. Og avslutta før sommaren med ein sosial sommaravslutning i det flotte nybygget vårt på bedehuset.

Me har ikkje hatt faste talarar på møta. Den me har brukt mest dette året, er Trond Kråvik.

Planen var som vanleg å starta hausten i samarbeid med kyrkja med Flatningane-gudstenesta. Men denne vart i år avlyst pga. vêret. Me starta opp hausten med ordinært familiemøte 25. august med Trond Kråvik som talar. I slutten av oktober samarbeida me med Sogn NLM om ei og ei halv møteveke der Gro Bjørndal og Olav Rune Skutlaberg var fyrste veka og Asbjørn Handeland andre veka. Elles hadde me 9 ordinære familiemøte i haustsemesteret.

Familiemøte fekk skaffa seg nattverdsett i 2023. Og gjennom året har me arrangert nattverd på to-tre møter i semesteret. I vårsemesteret hadde me oppmøte på 61,5 personar i snitt på møta. I haustsemesteret var snittet på 50,1 personar.

Søndagsskulen, LUFAS, har i år vore organisert av Debbie Eikum med støttespelarar. Dei har følgt opplegget "Sprell Levande" frå Norsk Søndagsskuleforbund.

I tillegg til familiemøte, vart det arrangert ungdomskveldar for dei i 8. kl. og oppover. Ungdomskveldane er annakvar fredag frå kl. 19.00. Det har møtt ein flott gjeng med ungdommar, i vårsemesteret har det i snitt vore 21,0 (24,9) ungdommar og i haustsemesteret har snittet lege på 20,0 (20,3) ungdommar. På sommaravslutninga som var på bedehuset i år, var dei ca. 30 ungdommar. I tillegg vart det i år arrangert ein felles sommaravslutning med Basecamp Sogndal. Denne var på Lyngmo med grilling, andakt, sang, volleyball mm.

Årsmøte

Årsmøtet vart halde 11. mars på Gaupne bedehus. Oppmøte 16 stk. Me snakka om nye idear til kva me kan bruka det flotte bedehuset til. Smågrupper? Barnearbeid? Kor? Ope hus/kafé?

Gunnar Sie, Wenche S. Eikum og Marit Sofie Hurthi vart vald for to år i fjor, og var difor ikkje på val. Audun Moen, Grethe S. Bondevik og Julia Vigdal Esperås gjekk ut av leiarskapet. Audun Moen vart takka av med blomehelsing for å ha stått i styret og leiaransvar heilt i frå opstarten av familiemøte.

Berit Skjerdal, Kjell Olav Bondevik og Torbjørn R. Haugland vart valde som nye inn i leiarskapet for to år.

Leiarskap

Leiarskapet har hatt 7 møte, og har handsama 28 saker. Leiarskapet har vore samansett slik etter årsmøtet i mars: Kjell Olav Bondevik (leiar), Berit Skjerdal (nestleiar), Marit Sofie Hurthi (sekretær), Gunnar Sie, Torbjørn R. Haugland og Wenche Schanke Eikum.

Kollekt

I forhold til kollekten har me ein slik fordelingsnøkkel: Familiemøte får 50 % og Misjonssambandet 50 %. Kollekt i 2024 er på kr: 93.879,- (114.725,-)

Fast givarteneste på kr: 235.600,- går direkte til nedbetaling av lån til nybygget.

Marit Sofie Hurthi

OSTERØY MISJONSFORSAMLING

Arbeidet og samarbeidet i laget fungerer godt.

Gudstjenestene

Vi har våren 2024 hatt ti gudstjenester, en ble avlyst pga. kjøreforhold og en gudstjeneste ble lagt til fellesgudstjenesten i Salem 28.4.2024. Høsten 2024 hadde vi åtte gudstjenester. Vi har ikke vært så gode på å føre statistikk over antall til stede, men det har i hovedsak lagt mellom 10-20 personer.

Gudstjeneste går fast hver 14. dag, noe som fungerer veldig godt. Det har vært nattverd på ca. sju av gudstjenestene. Vi har team som tar seg av ledelse, sanger, teknikk, PowerPoint, musikk og mat. Dette er etter hvert godt innarbeidet.

Smågruppene

Vi har tre smågrupper hvor 14 av totalt 16 medlemmer er med. I vårsemesteret gikk vi igjennom *Levende tro: Romerbrevet*. I høstsemesteret gikk vi igjennom *Levende tro: Urhistorien*. Smågruppene er en veldig viktig del av arbeidet.

Kick-off som vi skulle hatt i slutten av august, ble avlyst pga. sykdom i familien til taleren.

Medlemsmøte ble avholdt 21.11.2024

Økonomi

Bærebjelken er fast givertjeneste. Vi gikk med et overskudd på kr 70.260,-. Vi har betalt kr 64.619,50 for talere + kr 15.400,- i gaver til NLM og Nordhordland Indremisjon, totalt kr 80.019,50

Styret

Styret har etter årsmøte 19.3.2024 bestått av Frank Zachariassen (leder), Tormod Johnsen (nestleder), Randi Holm Myking (sekretær), Jostein Reistad (styremedlem), Kjersti Midttun (styremedlem), Gro Bjørndal (1. varamedlem), Nina Myking (2. varamedlem)

Styret har hatt sju møter og behandlet 48 saker i 2024.

Styret takker hver og en for all deltakelse og fellesskap gjennom året! Det er svært mange som ved sitt engasjement er med å bære arbeidet på det praktiske området og det er en stor styrke!

SALEM MISJONSKIRKE

Lørdagsgudstjenester

Studentarbeidet utgjør en stor dimensjon av totalen i Salem. Det er både en velsignelse og en utfordring at det er så stor gjennomstrømming av studenter med forskjellig bakgrunn. Vi vet at de fleste er kun i Bergen i 3-5 år, vi har dem på lånt tid. Denne høsten har vært særlig spennende med tanke på hvem som har kommet inn i fellesskapet. Flere av de som har kommet inn har vært med på store ting som har skjedd på de kristne internatskolene og bibelskolene i landet, blant annet gjennom konseptene «krigerne» og «søstrene». Vi lurer på om det kanskje er noe av det som har skjedd der, vi nå får oppleve frukten av. Vi opplevde denne høsten en særlig stor tilvekst på lørdagen, i 2024 har vi hatt et gjennomsnitt på ca. 180 mennesker på gudstjenestene våre.

Søndagsgudstjenester

2024 har vært et fint år med fine gudstjenester, vi har hatt gudstjenester hver søndag utenom sommerferien. Det har også vært et spesielt år med tanke på at Gjermund Øygarden sluttet som pastor og Kristin S. Odeh gikk ut i permisjon. Men forsamlingen er en god, trofast og stort sett selvdreven gjeng så det har ikke vært noe problem.

Det har i snitt vært 143 stk. på gudstjenestene i år (fellesgudstjenester er ikke inkludert her). Dette er noe færre enn i fjor og vi håper det tar seg opp igjen. Fellesgudstjenestene oppleves som et høydepunkt hvert semester og noe alle setter pris på, og ekstra stas er jo

«Vi Synger Julen Inn»-gudstjenesten. Ledergruppen for søndagsgudstjenestene er også i gang igjen. Dette er en motivert gruppe som ønsker å jobbe for at gudstjenestene og fellesskapet skal bli enda bedre, så vi ser frem til å se hva denne gruppen kan få til.

Smågrupper

Smågruppene er en av to primær-området for Salem. Vi ønsker smågrupper som tar til seg nye, som vokser, deler seg og starter nye grupper. Dette er bærebjelken i fellesskapet vårt. For å få til en inkluderende menighet, må vi starte med smågruppene. Drømmen vår er at vi som smågrupper kan ta ansvar for nye i menigheten. Vi har 325 personer fordelt på 45 smågrupper.

Diakoni

Som kirke har vi et diakonalt ansvar for vårt nærmiljø. Her er vi rikt velsignet med et stort engasjement gjennom Salem Nærmiljøsentere (SNS). Sammen med Salem Åpen Barnehage gir Salem Nærmiljøsentere oss en stor kontaktflate inn mot befolkningen i nærmiljøet.

Alpha

Høsten 2023 fikk vi starte opp igjen med Alphakurs etter at dette har vært på is siden 2019. I 2024 har kurset gått vår og høst ledet av et fantastisk lederteam med Ann Kristin Frøyland som leder. Vi har opplevd høy deltakelse på alphakursene og vi har fått se at kurset får betydning i menneskers liv.

Takk og lov for at Jesus sa at Han skulle bygge sin kirke. Det er vi avhengige av. Han må bygge, og vi må se på Salem som hans kirke. Vi får være med på dette gjennom å forvalte de ressursene han har gitt oss på en best mulig måte.

SAMNANGER MISJONSFORSAMLING

Styret bestod av Magne Hitland (leiar), Jørgen Fjell (nestleiar), Gabriele Zdanciute (skrivar), Geir Jarle Skutlaberg (kasserar), Ivar Berland (medlem), Bodil Øpstebø (1. vara) og Sven Tore Kulleseid (2. vara). Styret har hatt 10 møte og handsama 78 saker.

Hyrderådet hadde tre møte i 2024, og bestod av Svein Hitland (leiar), Ivar Berland (nestleiar) og Joel Dyrhovden (sekretær).

Økonomien

Inntekta for 2024 var kr 546.722,61 (2023 kr 528.178,28) med eit årsresultat på kr. 294,66 (2023 kr 10.465,84).

I kasse/bank var det pr 31.12 ein saldo på kr. 232.382,98 (2023 kr 232.087,32).

Verksemda

Forsamlinga er innmeld i IMF og NLM, og hadde ved årsskiftet totalt 53 medlemmer; 38 vaksne og 15 born. Me driv arbeid på Tysse og Nesodden bedehus, og har føremiddagsmøte omtrent kvar sundag på Tysse. Her har me òg andre møte, korarbeid og føremiddagstreff. På Nesodden er det bønemøte, søndagsskule, TenCafé, laurdagsgraut med meir. Mykje av arbeidet i forsamlinga er utadretta og truleg er det ein god del innom samlingane våre som ikkje er truande eller søkande.

Antal deltakarar på søndagsmøta har ligge på i overkant av 40 personar i 2024. Det har vore to møteveker og tre møtehelger med talarar frå IMF eller NLM, samt enkeltmøte, bibeltimar og nokre festar. Det er nattverd på søndagsmøta ein gong i månaden, og me gler oss stadig over frimod i forsamlinga når ordet vert gjeve fritt. Også i 2024 har me hatt mange trufaste ukrainarar med oss på søndagsmøta. Andrius Zdancius gjer framleis ei stor teneste ved å omsetja forkynninga til russisk, og dette året har talarane blitt oppmoda til å levera komplett talemanuskript som så vert vist på storskjerm på russisk samtidig med talen. Dette er nok krevjande for enkelte talarar, men betyr mykje for formidlinga av Guds Ord. Ved enkelte høve har Andrius gitt eit samandrag på russisk etter talen. Sumaren 2024 hadde me tre sumarmøte; alle med fint oppmøte.

Forsamlingsweekenden var igjen på Raknestunet, med 61 påmelde, og av desse 23 flyktningar frå Ukraina og fire frå Eritrea.

Me er takksame for besøka me får av misjonærar og forkynnarar. Utan fast tilsette er me avhengige av at organisasjonane sendar forkynnarar og lagsarbeidarar, og at ein kan få tak i fritidsforkynnarar.

Lagsarbeidet

- **Misjonsforeiningane** har hatt regelmessige samlingar, medan **bibelgruppene** ikkje har hatt samlingar.
- **Føremiddagstreffet** hadde 10 samlingar for seniorane i forsamlinga.
- **Søndagsskulen** har hatt 29 innskrivne born og hatt 13 samlingar. Søndagsskulen har framleis berre ein hovudleiar. Håpet er at ein kan bli fleire.
- **Ten-Café** har hatt 20 samlingar, med mellom 10 og 20 deltakarar til vanleg; mange frå «ikkje-kristne» heimar.
- **Barnekoret / KingSing** har hatt 26 medlemmar. Det fine korarbeidet hadde samlingar første halvår, men grunna leiarmangel har korarbeidet ligge nede sidan hausten 2024. Dette er sårt, og eit viktig bønemne.

Heimlov

Fire av våre trufaste medlemmer, Lars Espelid, Arvid August Gjerde, Are Næss og Elen Marie Aadland, fekk heimlov i 2024. Me takkar Gud for fellesskapen med dei og tenesta dei fekk gjera mellom oss.

Takk og helsing

Me driv eit stor forsamlingsarbeid utan fast tilsette, og er avhengige av ein store dugnads-innsats. Styret vil retta ei stor takk til alle som trufast tek del med gåver, forbøn og gjerning. Ein ekstra takk til deg som jobbar i det stille og kanskje ikkje vert sett. Takk og til fritidsforkynnarar som har delt Guds Ord med oss. Styret vil oppmoda om fortsatt forbøn for arbeidet vårt, leiarsituasjonen i barnelaga våre og at barnekorarbeidet kan koma i gang att.

Styret for Samnanger Misjonsforsamling

LOGOSKYKJA i Førde (tidl. Sunnfjord Misj.forsamling)

Møte og samlingar

21 søndags-/familiesamlingar har gått av stabelen i lokala på Øyrane 12

Spesielle arrangement

*Møtehelg med Steinar Dimmen. *To sosialkveldar med pizza. *Skjærtorsdags- og Langfredagsmøte. *Konfirmasjonsgudsteneste i Bygstad bedehus. *Familiesamling saman med Norfellesskapet. *Jonsoksamling i Ålen. *Ekstraordinært årsmøte. *Kurskveld for tenestegrupper i Skaparhuset. *Adventssamling. *Adventsmøte saman med Norfellesskapet. * Nyttårsfest. *Tre barn er døypt i forsamlinga i haust

Vekst

Møtedeltakinga på søndagsmøta har auka frå eit snitt på ca. 40 til eit snitt på ca. 60 etter at vi flytta til nytt og større lokale i «Skaparhuset». Det er og ein vekst i talet på barn som går på søndagsskule. Fleire unge familiar har starta i forsamlinga og bidreg aktivt i teneste.

Forsamlingsarbeidaren, Ingrid Friborg Hoffmann, starta opp ungdomsklubben «Glimt» i februar. Dei har hatt møte ca. to kveldar i månaden. Ho starta også opp «Småbarnstreff» i oktober, som har att vekentlege samlingar på Førde bedehus.

Tilsetteressursar

Ingrid Friborg Hoffmann har hatt 60 % stilling som forsamlingsarbeidar sidan januar. Ho gjekk ut i morspermisjon i starten av desember. Områdearbeidar Trond Kråvik har hatt ansvar for konfirmantopplegget. Han har i tillegg vore talar på seks søndagsmøte, og deltek på styre- og strategimøte. Andre forkynnarar frå region vest har talt på fire søndagsmøte.

Lokale

25. august starta vi opp etter ferien i nytt lokale i «Skaparhuset» på Øyrane 12 i Førde (eit steinkast unna det førre lokalet). Lokalet er nytt og moderne og rommar vesentleg fleire personar. I starten var ikkje all byggeaktivitet ferdig, og vi hadde ikkje kjøkken. Her stod utfordringane i kø. Stor takk til alle som har bidratt ekstra for at flytteprosessen skulle bli ei

positiv oppleving for forsamlinga. Dette har vi lykkast med!

Vi har framleis ikkje optimale lokale til søndagsskule, og det er framleis krevjande å rigge lydanlegget kvar gong. Men styret og arbeidsgruppene samarbeider godt for kontinuerleg forbetring.

Samarbeid

Samarbeid med Norfelleskapet om koordinering av møtetider, felles arrangement og annonsering av kvarandre sine møte, fungerer godt. Sunnfjord barnelag, som er eit samarbeid mellom Norfelleskapet og oss, gjer ein god innsats for å arrangere søndagsskule, Awana, i begge forsamlingane.

Samarbeidet med Imf Bygstad om konfirmantarbeidet fungerer godt. I 2023/24 har åtte konfirmantar følgt opplegget.

Strategi og utvikling

Strategigruppa, styret og forsamlingsarbeidar har gjort ein kjempejobb med ny visjon og strategi. Første utkast vart presentert på årsmøtet i april. Her vart det gjort framlegg om å jobbe vidare med visjon. Det var også framlegg om å endre namn på forsamlinga.

I oktober vart det arrangert ekstraordinært årsmøte. Der vart det vedteke

- å endre namn til «Logoskyrkja i Førde»
- ny visjon: «I Kristus, vere, elske, utruste»

Guds velsigning og takk til alle som har bidrege i forsamlinga i 2024!

Helsing styret: Asmund Friborg (leiar), Anne Margrethe Skjold Olsen (arr.leiar), Sveinung Myrene (adm.leiar), Liliia Romaniuta (styremedlem)

TREMORKIRKEN

2024 har vært et år Gud har gjort mye i Tremorkirken.

Ungdomsarbeidet: Det har vært et vekkelsesår blant ungdommene i kirken vår. Mange har kommet til tro og mange ungdommer har tatt store steg i troen sin. Vi hører om ungdommer som går til ungdomslederne for å spørre om de kan være husgruppeledere for deres vennegjeng. Dette er stort, og oppmøte på alphakursene er også noe som viser den sulten som er i ungdommenes hjarter for å kjenne Jesus. Det har vært i gjennomsnitt 90 ungdommer hver uke på ungdomsmøte og forbønnskøene har ofte vært så lange at lovsangsteamet må spille flere lovsanger fordi ungdommene vil ikke slutte å tilbe Jesus.

Ungdomsarbeidet har også vært på misjonstur til Bosnia som gjorde dypt inntrykk på de som reiste og menigheten som fikk høre vitnesbyrdene når de kom hjem.

På søndagene har det vært godt besøkt med cirka 50–60 barn på barnekirken hver søndag og 110–130 mennesker på gudstjenesten.

Tweenslørddag som er møte for tweens en gang i måneden har det vært rundt 30 tweens hver gang. Her er ungdommer med som hjelpeledere for å skape en link videre inn i ungdomsarbeidet når tweensa blir gamle nok til å begynne i ungdomsarbeidet. Etter ungdomsarbeidet har folk mulighet til å bli med i unge voksnearbeidet før de tar steget videre opp på søndagsgudstjenesten. Det er en glede å kunne gi Jesus videre til neste generasjon.

Husgrupper. Det er rundt 130 voksne med i husgrupper fordelt på 13 grupper. Dette er en viktig arena der nære og gode relasjoner kan skapes og en kan vokse i troen sammen.

Ågotnes-arbeidet ble startet i februar 2024, og de har vært en trofast gjeng som har møttes hver uke til bønn for Ågotnes. De har startet et småbarnstreff annenhver uke for å bli kjent med folk i området, og her har det vært rundt 10–15 hver gang. Vi er spent på hva Gud ønsker å gjøre gjennom dette fellesskapet på Ågotnes.

Velsigna Jul: Vi har fått velsigne våre medmennesker på Sotra med en bedre julefeiring ved å gi matkasser og julegaver til 55 familier og 14 bokollektiv.

I dag er det 267 medlemmer i Tremorkirken der 137 av dem er voksne og 130 er barn. Utenom dette er det 66 ungdommer registrert i lag i Tremorxpan.

Vi er takknemlig til Gud for at vi får være med å bli brukt av han.

VIK BEDEHUSFORSAMLING

Styret hadde seks-åtte møte i løpet av 2024. Det har ansvar for oppgaver som vedkjem ulike arrangement og drifta av bedehuset, og har m.a. evaluert og justert strukturen for storsamlinga med mål om at fleire kan delta under samlinga. Etter fullmakt frå general-forsamlinga har styret avklart førespurnad frå IMF om å samarbeida om fast tilsett med-arbeidar. Dette vart arbeidd mykje med, og det vart gjennomført fleire intervju med aktuell kandidat. Men saka vert ikkje arbeidd vidare med på noverande tidspunkt. Styret har og drøfta den økonomiske situasjonen og sett i verk tiltak knytt til store straumutgifter og auka renter.

Eldsterådet hadde sju møte og drøfta tema og talarar for storsamlingar og bibeltimar, drive evaluering av samlingar, forkyning og arbeidet elles og planlegging av drift for komande periodar. Elles fokuserer eldsterådet på bøn og samhold for å kunne ivareta ansvaret i forsamlinga.

Storsamling vert arrangert annankvar søndag, motsett av gudstenestene i Blomvåg kyrkje. I snitt 70-80 personar. Ulike team har ansvar for musikk, song, teknikk og leing. Det er også lagt til rette for at forsamlinga kan delta med bøn eller vitnemål. Fleire av barna deltek med tekstlesing, musikk eller konkurransar. Det er Awana for barna når det ikkje er familiemøte. Ein gong i månaden er det nattverd. Det er gledeleg at nattverden ser ut til å bety mykje både for både unge og eldre i forsamlinga. Kaffi og prat etter møta.

Bibeltime. Frå 2023 var det samarbeid med Blomvåg Bedehusforeining om bibeltimar annakvar veke, ein gong på Vik Bedehus og ein i Blomvåg. Bibeltimane i Blomvåg vart ikkje vidareført i 2024, men på Vik har det vore ein gong i månaden med tema frå Galatarbrevet og 1. Korintarbrief. 20-25 personar møter på bibeltimane og kan nyta god kvelds etterpå.

Torsdagstreff kvar siste torsdag i månaden byrjar med god lunsj og prat om likt og ulikt. Vanlegvis 20-30 personar, på det meste oppe i 36 personar. "Gjeste-talarane" kjem dels frå eigne rekkjer og dels utanfrå. Eit fast innslag som engasjerer, er nyhetsquiz om saker som har vore oppe i nyheitene siste veka. Elles er det song med gamle skulesongar og kjente bedehussongar. Til slutt er det loddtrekning av blomane som har pynta borda under samlinga. Betalinga for maten er frivillig, overskotet vert overført til bedehuset

Kvinneforeininga har sine samlingar på bedehusloftet, der elleve kvinner samlast annankvar måndag. Dei har kaffimat, deler eit ord frå Bibelen og følgjer ulike samtaleopplegg. Dei samlar inn pengar til Misjonssambandet og bidreg med handarbeid til julemarknaden.

Bedehusbasaren i juni var eit samarbeid mellom styret og Gutten. Det kom inn ca. 30.000 kr.

I november var det **julemarknad** med sal av julepynt, julegåver, bakverk, loddsal og masse god mat. Huset var stappfullt av barn og vaksne. 82.000 kr gjekk til Misjonssambandet sitt helseprosjekt for mor og barn i Etiopia. I tillegg selde "Helping Hands" produkt til inntekt for sine prosjekt.

Det er eit godt arbeid for barn og unge på Vik. **Jenteforeininga** har 6-19 barn, og samlar m.a. inn pengar til UngGlobal i Sentral-Asia. **Gutten** er for førskule- og barneskulealder, og hadde 18 betalende medlemmar, pluss nokre som har vore innom.

Yngres annankvar fredag kl. 19, er tilslutta Acta - barn og unge i Normisjon. Det har i snitt vore 25-30 deltakarar. Kyrkja sitt ungdoms-team har vitja yngres og hatt andakt og leikar på nokre av samlingane. Ei samling på våren og ei på hausten vart lagt til Blomvåg barnehage der det vart skipa til tweensfest i lag med kyrkja. På desse festane møtte over 100 stykk.

Barnekoret Lyskastaren har 70 medlemmar i alderen 4-10 år, og øver annankvar måndag. Koret har eige "band". Mange får prøva seg som solistar. Det vert servert middag for barna

og foreldra før øvinga, 70-100 personar kvar gong. Koret deltok på gudstenester i Blomvåg kyrkje, Hjelme kyrkje, Øyfolkets jul, julegrantenning på Rong og storsamlingar på Bedehuset.

Awana har hatt samlingar parallelt med dei fleste storsamlingane. Til saman på Cubbies (under skulealder), Sparks (1.-4. kl.) og T&T (5.-7. kl.) har ca. 40 barn delteke. Det er 25 betalende medlemmar.

Medlemstal. Det var 101 betalende medlemmar i 2024, 37 barn og 64 vaksne. Det er gledeleg at medlemstalet har auka i 2024, men ut frå talet på dei som deltek på Bedehuset, er det nok potensiale til å auka medlemstalet ytterlegare. Tal frå tidlegare år: 2023: 87. 2022: 92. 2021: 98. 2020: 118

Takk. Mange er med på å halda arbeidet i gang. Utan at folk bidreg med dugnad, arbeidsinnsats og pengar - og ikkje minst bøn, har ikkje bedehuset noko grunnlag for drift. Styret ønskjer å takka alle saman!

Årsmeldingar frå SKULANE

KONGSHAUG MUSIKKGYMNAS

Elevtall

Skolen er godkjent for 185 elever og har to klasser pr trinn. Elevtilskuddet fra staten beregnes ut fra summen av heltids- og deltidselever, og var pr. 1. april 115,35 og pr. 1. oktober 105,83 heltids-elever.

Arbeidsmiljø og ansatte

Kongshaug musikkgymnas hadde 45 ansatte fordelt på 34,37 årsverk i regnskaps-året 2024. Det generelle arbeidsmiljøet er godt og trivselen god, og vi har ikke hatt noen ulykker eller skader. Sykefraværet blant pedagogisk personell er på 4,51 % og blant det øvrige personalet 9,15 %. Totalt hadde virksomheten et sykefravær på 5,89 %, noe som er en betydelig oppgang fra fjoråret. Dette skyldes i hovedsak langtidssykemeldinger, og når vi ser på årsakene til disse, så mener vi at oppgangen først og fremst handler om tilfeldige variasjoner og ikke om at arbeidsmiljøet har forverret seg. Resultater fra medarbeidersamtaler med alle ansatte forteller om et inkluderende og godt arbeidsmiljø.

Det arrangeres flere sosiale sammenkomster i løpet av et år og annethvert år arrangeres

det en personaltur over flere dager.

Skoleåret 2024-2025 har vi to arbeidstakere i midlertidige vikariater, og ingen faste vikariater. Noen av lærerne på Kongshaug har mindre stillinger bl.a. fordi vi har mye instrument-undervisning og enetimer på ulike instrument. Vi har i tillegg noen utøvende musikere som ikke ønsker full stilling.

Det har ikke vært personskader eller ulykker i forbindelse med skolens virksomhet i 2024.

Likestilling og diskriminering

Den kvinnelege andelen i styret, inkludert varamedlemmer, er 50 %. Blant faste styremedlemmer er andelen 40 %. Blant 45 ansatte er det 25 menn og 20 kvinner og vi ser i utgangspunktet på det som en tilfredsstillende fordeling. Høsten 2024 har vi to ufrivillige deltidsstillinger, en kvinne og en mann. Alle våre ansatte, som innbefatter lærere og servicepersonale, har lønn som følger arbeidslivets reguleringer for de samme gruppene. Om den ansatte er mann eller kvinne har ikke betydning for lønnsnivået.

Det er til sammen 19 ansatte som har 100 % stilling, 11 pedagoger og åtte i servicepersonalet, inkludert rektor og inspektør. Av disse er 14 menn og 5 kvinner, og vi tenker at vi fremover b(l)r arbeide for å få bedre kjønnsbalanse når det gjelder hele stillinger.

For å arbeide systematisk med likestilling og integrering på Kongshaug, har vi følgende aktiviteter i skolens årshjul:

1. Sammen med alle ansatte sette opp hvilke standarder vi bør strekke oss etter med tanke på likestilling og diskriminering. Hva bør vi gjøre for å integrere hensynet til likestilling og ikke-diskriminering i arbeidet vårt?
2. Utarbeide en ståstedsanalyse av tilstanden på skolen med tanke på likestilling og ikke-diskriminering.
3. Vurdere resultatene av pkt. 1 og 2 sammen med de ansatte.
4. Lage en plan for tiltak som er egnet for å motvirke diskriminering og bidra til økt likestilling og mangfold.
5. Gjennomføre tiltak og deretter evaluere.

Ytre miljø

Kongshaug har ingen konsesjonspliktige utslipp. Vi har et anlegg på taket på administrasjonsbygget med integrerte solceller, som produserer mellom 60- til 70 000 kWh på årsbasis, avhengig av værforhold. Vi vurderer det ellers slik at foretakets virksomhet ikke forurenser det ytre miljøet på noen spesiell måte.

Regnskap og sammenligning av årsoppgjøret

	2023	2024
Driftsinntekter	35.729.040	37.383.521
Driftskostnader	36.720.794	37.182.186
Gaveinntekter	554.861	753.194
Årsresultat	-1.780.789	-785.513
Total pantegjeld	7.726.214	7.726.214

Langsiktig gjeld til Sparebanken Sør er den samme i 2024 som i 2023. Det er foretatt full avskrivning.

Styret for Kongshaug Musikkgymsnas AS: Ole Risøy, Vidar Klepsvik, Kristin Skutlaberg, Lene Innerdal, Åshild Lande, Henning Iversen (rektor)

SYGNA vgs

Elevtal vår: 146 Elevtal haust: 155

Personalet

Det var ein del utskiftingar i personalet i løpet av 2024:

Idrettsassistent og miljøarbeidar, Martin Skjerdal slutta i juni. Stillinga som idrettsassistent vart overteken av Sara Nordheim hausten 2024. 20% av hennar stilling var knytt til elevrekruttering.

Miljøarbeidarane Mona Troland og Solveig Birkeland slutta i juni, medan Mari Lervik Grzebieluch kom inn som miljøarbeidar (80 %) og elevassistent (20 %) og Ingrid Ladehaug starta som miljøarbeidar (80 %) og internatmedarbeidar (20 %) frå 1. august. Thomas Bashay, som var elevassistent skuleåret 23/24, gjekk over i ei deltidsstilling som miljøarbeidar (40 %) og fotballassistent (10 %)

Karina Borodkina slutta i si deltidsstilling innan marknadsføring våren 2024. Anna Skjæveland vart tilsett i mellombels 20 % stilling innan same området frå 1. august 2024. Desse lærarane slutta i stillingane sine som lærarar våren 2024:

Unni Irene Bjørnevoll, Anne Aune Neerland, Elisabeth Frafjord Nessa, Vegard Nessa.

I tillegg fekk Henning Birger Sagevik utvida permisjonen sin med eitt år, til 1. august 2025.

Anne Aune Neerland, Vegard Nessa og Henning Birger Sagevik var alle knytt til idrettsseksjonen. Per Skjæveland vart difor tilsett i fast stilling frå 1. august 2024, medan Karsten Tollheim vart tilsett i ei mellombels stilling.

Elisabeth Frafjord Nessa og Unni Irene Bjørnevoll var m.a. knytte til Helse- og oppvekstseksjonen. Frå 1. august vart difor Elise Irene Karlsen og Rut Solveig Nydal Netland tilsette i mellombelse stillingar. Frå same dato vart Ingrid Fjeldskaar Løvteit tilsett som studieinspektør (fast stilling frå 1. februar 2025).

På kjøkkenet vart det også noko utskifting. Kjøkkenassistent, Teibe Weldemichael slutta i 2024. Samtidig fekk Heger Adhanom (kokk) eitt års permisjon. Olena Voitsekhivska (kokk), Oleksandr Zakharchenko (kjøkkenassistent) og Iryna Kolvalchuk (kjøkkenassistent) har mellombelse stillingar på kjøkkenet.

Møteverksemd

Det er fast møte kvar torsdag på Sygna. Elevane styrer teknikk, bidreg med song, møteleiing og vitnesbyrd. Også dette året har me hatt besøk frå bibelskular på turné, og andre forkynnarar. Dette skuleåret har torsdagsmøta vore svært godt besøkt, og i snitt har det vore mellom 80 og 90 ungdommar på møte.

Møtevekeane på Sygna er populære. Me har òg sett at elevar som ikkje brukar å gå på møta til vanleg, då møter opp. Slike veker er eit flott høve til å la Guds ord verka over tid. I 2024 hadde me 4 møteveker. Jan Magnus Lillebø, Simon Morris, Fjellheim bibelskule og Trond Kråvik hadde ansvar for kvar si møteveke.

Bibelgrupper

På Sygna har me frivillige bibelgrupper, der elevar melder seg på, blir sett opp i grupper og samlast heime hjå nokon i personalet annankvar tysdag. Desse gruppene er meinte som ein stad der både kristne og ikkje-kristne kan samlast og samtala om Bibelen, trua og det dei elles måtte ønskje å snakka om i samband med dette. Hausten 2024 var det om lag 80 elevar fordelt på gruppene.

Sygnahelg

Utreiser har vore prioriterte i 2024. I løpet av hausten har vi reist til Sandefjord og Oslo, Rogaland, Bergensområdet og til Sunnmøre. Utreisene er sosiale og kjekke for elevar og personalet, i tillegg til at vi får reklamere for Sygna. Vi har besøkt både ungdomsklubbar og ungdomsskular.

Veritas

Annakvar veke blir jentene på Sygna invitert til samlingar berre for dei. Der tek dei opp tema som engasjerer jentene. Dei møtest i smågrupper og ber saman. I løpet av 2025 håpar me å starte Veritas også for gutane. Me tenkjer at det er noko fint med å koma saman, dela gleder og utfordringar ved det kristne livet og ha høve til å støtta kvarandre gjennom forbøn.

Russen sitt misjonsprosjekt

Russen på Misjonsambandet sine vidaregåande skular har god tradisjon med å samla inn pengar til ulike prosjekt. Sygnaruss 2024 valde Elfenbeinskysten som sitt prosjekt. Dei samla til saman inn 767.000 kroner. Russ 2025 valde Aust-Afrika som sitt misjonsprosjekt.

Sosialpedagogisk arbeid

Fredag- og laurdagskveldane er viktige i arbeidet for eit godt miljø. Vi ønskjer å skape sosiale arenaer og arrangement der elevane kan bli kjende både med kvarandre og oss i personalet.

Kvar fredag har Vg2-elevane ansvar for å drive kaféen. Inntektene går til misjonsprosjektet. I tillegg prøver vi å ha eit enkelt arrangement. Desse arrangementa vert i stor grad drivne av miljøarbeidarane. Av og til har Vg3-elevane ansvar for desse kveldane.

Målet for laurdagsarrangementa er at desse skal vere så kjekke at elevane aktivt vel å delta. Det er som regel mange elevar på Sygna i helgane og då er det kjekt at det skjer noko. Desse arrangementa er eit samarbeid mellom miljøteamet og resten av personalet. Vg3-elevane har ansvar for nokre arrangement. Døme på arrangement: Hunger Games, Siste mann ut, hyttekos og juleverkstad.

I tillegg til arrangementa Sygna står for, er det òg andre aktivitetar elevane er med på. Samtidig vil vi ikkje gløyme at det som er viktigare enn arrangement og aktivitetar, er dei små møta i kvardagen. Her på Sygna er vi heldige å ha mange flotte menneske rundt oss – både elevar og tilsette. Gode fellesskap i klasserommet, matsalen og internatet har òg i år skapt mykje trivsel og gode relasjonar.

Vedlikehald og investeringar

Det var ikkje planlagt større investeringar i 2024, men då elektrokjelen frå 1985 rauk 2. januar, måtte ein handle raskt, og fire dagar etterpå var ny elektrokjele på plass. Dette måtte gjerast, då elektrokjelen sørger for varme til både skule- og økobygg. Det vart dessutan klart at vi treng ei reservekjelde for oppvarming av desse bygga, og i 2025 er det budsjettert inn ei løysing med bio-olje. Då får vi både ei reserveløysing, samt eit alternativ i periodar då straumprisane er svært høge. Fokuset har elles vore å fullføre påbegynte prosjekt og vanleg vedlikehald: reoperasjon av vaskemaskiner og tørketromlar, byte av avtrekksvifter og panelomnar og hjelp til møbelmontering.

Orientering om årsrekneskapen (førebels)

Årsrekneskapen er ikkje klar p.t, men ut frå rapportane så langt, ser det ut til at vi går mot eit overskot på 2,3 millionar kroner i 2024 mot eit underskot på 4,7 millionar kroner i 2023.

DANIELSEN SKOLER

Skolebevegelsen Danielsen består av Egill Danielsen Stiftelse og åtte skoler:

- Danielsen Videregående Skole. Rektor: Tone Monsen
- Danielsen Intensivgymnas. Rektor: Tone Monsen
- Danielsen Ungdomsskole Bergen. Rektor: Torill Belt Fagermoen
- Danielsen Barne- og Ungdomsskule Sotra. Rektor: Alexander Jensen
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy. Rektor: Jostein Fossmark
- Danielsen Ungdomsskule Frekhaug. Rektor: Cato Risøy
- Danielsen Ungdomsskule Haugesund. Rektor: Christine Eikrem
- Danielsen Ungdomsskule Karmøy. Rektor: Jostein Skartveit

Bak Danielsen-skolene står Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband, som oppnevner representanter i skolenes styrende organer.

Må fylles med innhold

En skole er ikke en kristen skole uten at den drives av ansatte som brenner for skolens kristne formål. Det er en prioritert oppgave for oss å holde denne bevisstheten levende hos alle ansatte. Vi arrangerer derfor personalkonferanser, lederkonferanser og fagdager der vi blankpusser profilen vår og styrker kompetansen på å drive gode kristne skoler. Alle nyansatte gjennomgår også et introduksjonsprogram, og rektorene og ledelsen i Egill Danielsen Stiftelse har tett samarbeid.

Fokus på misjon

Skolene har hver sine misjonsprosjekter. Mange av prosjektene går over flere år. På denne måten blir elevene godt kjent med misjonsarbeidet og med misjonærer som kommer på besøk. Skolene sender også elever og lærere på besøk til misjonsfeltene for å se hvordan de aktuelle prosjektene drives, og for at disse elevene skal informere resten av skolen når de kommer hjem. Hvert år samles det inn betydelige beløp til de ulike prosjektene.

Bygging

De senere årene har ungdomsskolene våre på Osterøy, Frekhaug og Karmøy fått nye og permanente lokaler. Ungdomsskolen i Haugesund tok i bruk nytt bygg høsten 2024. Skolen har flyttet til et annet sted i byen, rett over grensen til Karmøy kommune. Med dette har alle de åtte skolene våre permanente lokaler.

Rammevilkår

Den sittende regjeringen foreslo høsten 2023 et dramatisk kutt i statsstøtten til friskoler med både barne- og ungdomstrinn, som Danielsen på Sotra. En betydelig mobilisering i hele friskolebevegelsen gjorde at regjeringen snudde og ga oss tilbake det meste av det foreslåtte kuttet. Etter denne mobiliseringen har de kristne friskolene etablert et enda sterkere samarbeid med steiner- og montessoriskolene. Vi er spente på hvordan de økonomiske rammevilkårene for friskolene vil utvikle seg i tiden som kommer, og jobber aktivt opp mot politiske myndigheter både lokalt, regionalt og nasjonalt for å skape forståelse for friskolenes behov og legitimitet.

Nytt studietilbud

Danielsen vgs startet høsten 2024 opp utdanningsprogrammet «Informasjonsteknologi og medieproduksjon», som er et yrkesfaglig tilbud.

Ny lederstruktur

For å styrke det faglige tilbudet og legge til rette for større kollegialt samarbeid fikk Danielsen vgs og Danielsen Intensivgymnas fra skolestart høsten 2024 felles rektor og ledergruppe. Vi ser allerede at dette har mange gode effekter.

Takk

I vedtektene for Danielsen-skolene står det blant annet at «skolen vil i alt sitt arbeid gjøre Kristus kjent for elevene slik at Han kan bli trodd og etterfulgt». Det er et stort privilegium å få stå i en slik tjeneste overfor bortimot 2000 elever og sammen med omkring 300 ansatte. Først og fremst er vi takknemlige til vår himmelske Far, men takken går også til alle gode medarbeidere, og til alle som husker skolene våre når de ber.

Hilsen Egill Danielsen Stiftelse og rektorene ved Danielsen-skolene

NLA HØGSKOLEN

NLA Høgskolen er en kristen høgskole som ønsker å stimulere til personlig vekst og utfordre til aktivt engasjement i skole og samfunn, nasjonalt og globalt. NLA Høgskolen baserer sin drift på statstilskudd, studieavgift og gaver, og driver virksomheten ut fra fire campuser i Bergen, Oslo og Kristiansand. Høgskolens formål er å fremme danning og dyktiggjøre mennesker til tjeneste ut fra en kristen forståelse av natur, menneske, kultur og samfunn. Høsten 2024 hadde NLA 3004 studenter, som er ny rekord. Det har vært noe nedgang i antall studenter for lærerutdanningene i 2024, mens antallet studenter har økt mye innenfor økonomi og administrasjon (Hauge School of Management). Høsten 2024 ble Hauge (to bachelorprogram) også etablert i Bergen, med veldig gode søkertall og over 70 registrerte studenter. Høsten 2025 planlegges det for oppstart av Hauge i Stavanger, i lokaler eiet av Solborg Folkehøgskole. Dette blir NLAs første studietilbud i regionen. Høsten 2024 opprettet NLA et studiesenter i Trondheim i lokaler eiet av Salem (Norkirken/ Normisjon), med 12 studenter som studerer Praktisk teologi og ledelse, noe som har blitt etterlyst av et relativt bredt utvalg av menigheter og kirkesamfunn i regionen.

NLA Høgskolen har over 300 ansatte, tilsvarende 280 årsverk. Forskning er hovedsatsingsområde i strategiplanen for perioden 2021-2025. Foreløpige tall for 2024 knyttet til forskningsproduksjon viser 178 publikasjonspoeng, også det er ny rekord. Høgskolens publisering er på 1,01 poeng pr faglige årsverk i 2024. I 2024 har 7 ansatte fått opprykk til professor, 1 til dosent, 7 til førsteamanuensis, og 5 til førstelektor, totalt 20 opprykk. Samlet forskerkompetanse (toppkompetanse + førstekompetanse) har økt fra 62 % i 2023 til 66 % i 2024. Både publikasjonspoeng per årsverk og forskerkompetanse er godt over snittet for private og statlige høgskoler. I 2024 ble avsluttende dokumentasjon sendt til NOKUTs sakkyndige komité i tilknytning til tilsynet med NLAs institusjonsakkreditering som har pågått siden 2019. NOKUT avsluttet tilsynet i september 2024 etter at alle gjenstående krav var innfridd.

Resultatet for 2024 viser et overskudd på 34 millioner kroner. Når det gjelder campuser, ble det sommeren 2024 inngått ny leieavtale i Oslo med Normisjon Eiendom basert på rehabilitering og nybygg av vår nåværende campus i Staffeldtsgate. En tilfredsstillende midlertidig campusløsning for byggeperioden er kommet i stand like i nærheten, i Pilestredet Park. I Bergen er endelig reguleringsplan for ny campus i Kanalveien 90 fortsatt ikke behandlet, og en ny samlokalisert campus kan i hvert fall ikke stå ferdig før tidligst 2028-2029. NLAs virksomhet

på Breistein (lærerutdanningen og administrasjon) ble flyttet til Kalfarveien 31 i starten av 2024 på grunn av alle forsinkelsene. Satsingen på et godt studie- og arbeidsmiljø i Kalfaret er blitt prioritert og har vært vellykket, og både ansatte og studenter trives godt på ny campus.

Vi vil takke alle som har bidratt i bønn og offer til NLA Høgskolen. Gaveinntektene er viktige for NLA, og det vekker bekymring at trenden for frivillige gaver peker nedover.

Du kan lese mer om høgskolen på nla.no.

Årsmeldingar frå andre INSTITUSJONAR

PREG BARNEHAGER AS

I 2024 opplever vi at navneendringen har landet godt i våre barnehager og i samfunnet rundt barnehagene. Visjonen vår «Sammen om å sette verdifulle spor» står godt sammen med navnet.

Våre verdier; Nestekjærlighet, Likeverd og Mestring skal kjennetegne oss i alt vi gjør og hjelpe oss i arbeidet med vår visjon. Gjennom handlinger og ord formidles våre verdier i det daglige arbeidet.

I Preg barnehager har vi faste kristne samlinger gjennom året der vi spesielt vektlegger sanger med kristent innhold, bønn og formidling av bibelfortellinger. Vi møter barna, ansatte, foreldre og alle vi er i kontakt med i det daglige med åpenhet, respekt og omsorg. Vi arbeider med mangfold og inkludering som en helhetlig del av hverdagen, og vårt mål er at alle skal oppleve trygghet og ivaretagelse. Vi arbeider daglig for å gi opplevelser som setter verdifulle spor.

Preg barnehager samarbeider tett med NLM Ung, og hvert år gjennomføres Ung Global i barnehagene. Dette skole-/barnehageåret samler barna inn midler til Misjonssambandet sitt arbeid i Sentra-Asia.

Preg barnehager i region vest

- * Preg barnehager Blomvåg AS i Øygarden kommune har fire avdelinger. Daglig leder er Hilde Sture Ervik
- * Preg barnehager Toftøy AS i Øygarden har seks avdelinger. Daglig leder er Olaug Rong
- * Preg barnehager Straume AS i Øygarden har fire avdelinger. Daglig leder er Asbjørn Froli Haugstvedt

- * Preg barnehager Askøy AS på Askøy har fem avdelinger. Daglig leder er Linda K. Larsen
- * Preg barnehager Hordvik AS i Hordvik har fire avdelinger, fordelt på seks grupper. Daglig leder er Hanne H. Dyngeland
- * Preg barnehager Lyngbø AS på Laksevåg har to avdelinger. Barnehagen har en høy andel av minoritetsspråklige barn. Daglig leder er Gerd Gåskjenn Askeland
- * Preg Salem Åpen Barnehage har lokasjon i Salem Konferansesenter og samarbeider med Salem Nærmiljøsender og Salem Misjonskirke. Daglig leder er Ingebjørg Martinussen. Åpningstider er mandag, tirsdag og torsdag klokken 9.00 - 14.30

Barnehager som eies av Misjonssambandet i samarbeid med andre organisasjoner

- * Ulset barnehage i Åsane eier vi sammen med Nordhordland Indremisjon. Barnehagen har tre avdelinger. Daglig leder er Bente Hatten Tvedt
- * Knarvik barnehage i Alver kommune eier vi sammen med Nordhordland Indremisjon Barnehagen har seks avdelinger. Daglig leder er Agnes Sønstabø
- * Heimly barnehage i Åsane eier vi sammen med Indremisjonsforbundet. Barnehagen har to avdelinger. Daglig leder er Bente Søfteland

For Preg barnehager AS, Camilla Økland Algrøy, Seniorrådgiver

GJENBRUKEN ASKØY

Omsetningen gikk litt ned i 2024, men vi selger fortsatt bra. Det kom inn kr 1.692.132, det er kr 116.266 mindre enn året før. Her av er kr ??? inntekter for klær som ble sendt til Øst-Europa og metallgjenvinning. På våren hadde vi salg på klær og sko. Vi har hatt to salg med 50 % på alle varer, det er populært blant kundene, og vi nærmest doubler inntektene de ukene.

Det har hele tiden vært et problem med orden på loftet. Det ble laget lange klesstativer. Dermed fikk vi god sortering av klærne og orden ble mye bedre. I butikken flyttet vi kaffekroken slik at den kom lenger bort fra arbeidsrommet. Dette har fungert fint. I juni fikk vi installert nytt prissystem med strekkoder. Det har stort sett gått greit. Vi har hatt en prismaskin på loftet for klær, og en på arbeidsrommet for ting og tang.

Medarbeiderflokket har vært stabil og har stilt trofast opp både i butikken, på dugnaden, ved henting av klær fra boksene og med regnskapet. Alle gruppene legger ned et fantastisk arbeid for butikken. Noen har måttet gi seg pga. helsen, men vi gleder oss over at nye medarbeidere har kommet til. Det er positivt at vi hver uke får bilde av salgsvarene lagt ut på Facebook og andre sosiale media. Ved at bilder blir lagt ut på nettet, har vi fått flere tusen følgere som på den måten er innovert i butikken. Det er ingen tvil om at Facebook har hjulpet oss å få opp omsetningen. I tillegg har vi hatt annonser i Askøyværingen foran salg.

Vi har hatt to utplasseringer i år fra kriminalomsorgen og Ravnanger ungdomsskole. Dette fungerer bra.

Innsamlingen av klær fra boksene har gått greit. Vi har hatt ei god gruppe som har tatt seg av dette. Hele året har boksene blitt tømt ukentlig. Vi har hatt tre forsendelser til Polen av ting og tang, butikkretur og klær fra boksene. Det har blitt sendt ca. 44 tonn. Lasting av traileren er et tungt arbeid, så vi har leid et transportbånd som gjør arbeidet lettere.

Det har vært god stemning i butikken, og kundene gir uttrykk for at butikken er fin, og at det er kjekt å komme her. Dette er en viktig målsetning for oss. I mai hadde vi en medarbeider-samling i forbindelse med årsmøtet. I november hadde vi også medarbeidersamling. Vi hadde god mat og fin underholdning. Slike medarbeidersamlinger er viktige for å styrke samhørighet og fellesskapet i butikken.

Vi hadde årsmøte 13 mai. Oddvar Risøy fortsatte som styreleder og Terje Frafjord som butikkleder. Styret har hatt tre styremøter og behandlet 22 saker.

Styret består av Oddvar Risøy (leder), Sigrunn Rob (nestleder), Astrid Hauge (sekretær), Nils Håkon Urangseter, Harriet Meling, Kari Viksund (1. vara), Terje Leigre (2. vara).

Vi vil få takke alle våre trofaste medarbeidere for en god innsats i året som har gått.

Oddvar Risøy, styreleder

GJENBRUKEN BALESTRAND

Sommeren 2023 ble tanken om å starte en gjenbruksbutikk i Balestrand sådd. Ville det være mulig å få til i den lille bygda vår? Gjenbruken sentralt ble kontaktet, og vi fikk grønt lys til å gå videre med planen om å starte den minste gjenbruksbutikken i Misjonssambandets regi. Eva Bente Ohma og Louise Nilsson tok på deling oppgaven som butikkleder. Frivillige stilte seg til disposisjon, avtale om leie av lokaler sentralt i Balestrand kom på plass og klær og andre varer ble samlet inn. I nydelig vårvær var det kø utenfor butikken på åpningsdagen 2. mai 2024.

Visjonen til Gjenbruken i Balestrand er både å samle inn penger til misjonen og å være en møteplass der vi kan peke på Jesus. Butikken er åpen torsdag kl. 15-18 og fredag og lørdag kl. 11-15. Vi blir besøkt av både fastboende og turister, det serveres gratis kaffe med noe godt til, og mange finner veien til sofakroken for litt kaffe og prat.

Vi har 18 aktive frivillige, og vi har flere navn på lista over folk som kan tenke seg å bidra litt på sikt. De frivillige løser alle de ulike oppgavene som følger med det å drive butikk, som å stå i butikken (2-3 personer hver gang), sortere og prise varer utenom åpningstid, sette opp vaktplan, hente varer fra de fem klesinnsamlingsboksene som er plassert ulike steder i Sogn

og Sunnfjord, og mye mer. Fra oktober har hatt en ukrainsk språkpraksiselev hos oss to dager i uka. Vi har hatt to sosiale sammenkomster for de frivillige i løpet av året.

Styret ble valgt på årsmøte 18. juni og består av Bjørg Aase (sekretær), Gunn Berit Bøthun, Liljan Klokkernes (nestleder), Trond Kråvik, Åshild Alte Sagevik (leder), Marit Almelid Grøneng (vara). Eva Bente Ohma og Louise Nilsson deltar også på styremøtene. Styret har hatt to møter i 2024.

Før oppstart var vi spente på om inntektene våre ville bli store nok til å dekke husleie og andre driftsutgifter på butikken. I løpet av de åtte månedene vi har vært i drift i 2024 har vi fått inn i overkant av 389.000,-. Oppstart av ny butikk medfører en del kostnader, og regnskapet viser utgifter på vel 377.000,- noe som gir et driftsresultat på vel 15.000,-.

Vi er takknemlige for den gode måten vi har blitt tatt imot på i bygda og opplever at vi har hatt en god start.

Takk for forbønn!

Bjørg Aase, Gunn Berit Bøthun, Liljan Klokkernes, Trond Kråvik, Åshild Alte Sagevik, Marit Almelid Grøneng, Eva Bente Ohma og Louise Nilsson

GJENBRUKEN BERGEN

Målsetting

Gjenbruksbutikkene til Misjonssambandet har fire formål; å skape et lokalt møtested, å skaffe midler til Misjonssambandets prosjekter, selge brukte varer til lave priser og å realisere bærekraftmålene. Gjenbruken Bergen har bidratt til dette gjennom butikkvirksomheten i 2024. Skole, Helse, Vann er satsingsområdene for Gjenbruken på landsplan, det var også Gjenbruken Bergen sin satsning for 2024. På denne måten er vi med på et viktig arbeid innen diakoni og bistand i Afrika, Sør-Amerika, Asia og i Norge. Gjenbruken Bergen ønsker å forvalte varene som kommer til butikken på en god måte.

Flytting

Etter flere års arbeid for å finne nytt og mer egnet lokale, flyttet Gjenbruken Bergen fra Haukeland i Arna til Liamyrane 5 i Åsane 6. april 2024. Åpningsdagen ble feiret med kake, tale, hornmusikk og stort antall handlelystne mennesker fra Bergen og Nordhordland. Den nye butikken med totalareal på om lag 1.400 m² er sentralt plassert bak Gullgruven i Åsane. Mange frivillige, sammen med dyktige folk fra Gjenbruken sentralt, fikk på plass en flott og egnet arbeidsplass. Gamle lokaler måtte tømmes, vaskes og overleveres i god stand. Her var det mange ildsjeler som la ned mange ukers arbeid. Takk for stor innsats i denne perioden.

Frivillighet

